

Årsmøteuppritt for Vestmannalaget år 2000

Årsmøtet vart halde den 16. mars på Bryggen Museum og varde frå kl. 1900 til kl 2230.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og saklista

Årsmøtet godkjende innkalling og saklista med framlegg frå Egil Lehmann som ville taka opp to punkt under Ymse.

- Formannen Lars Bjarne Marøy held opningstale med tankar rundt året som var og emneområde i tidi som kjem.
- Årsmøtelyden song Vestmannasongen etter oppmoding frå Leidulv Hundvin.
- Formannen i Bygdelagsnemndi, Eldbjørg Gunnarson, heldt fyredrag um arbeidet i nærskylda lag og organisasjonar, um fyremålsparagrafar og aktivitetar i dag. Nye organisasjonar kjem til og dei gamle slit med rekruttering. Dei gamle hovudmåli endrar seg. Samfunnet endrar seg. Skal me tilpassa oss samfunnet, eller vil me at samfundet skal tilpassast oss? Opererer me med ord i fyremålsparagrafane som folk ikkje skjønar i dag (som: frilyndt, tjodskap osb). Ho minna um at ein ikkje burde gå baklengs inn i framtidi.

Formannen gjekk deretter beint på årsmeldingi.

Sak 2 Årsmelding

Formannen las opp årsmeldingi etter ynskje frå medlemene. Formannen gav so ordet fritt med ei taletid på tre minuttar.

- Leidulv Hundvin sa at det var ei god og fyldig årsmelding. Men han ville ha inn i byrjingi at "Då Leidulv Hundvin som hadde havt formannsvervet dei siste 8 åri, hadde takka nei til attval, valde årsmøtet den 18. mars 1999 Lars Bjarne Marøy til ny formann".
- Ludvig Jerdal hadde benkeframlegg om at årsmøtelyden skulle røysta over at fullmakt for løyvingar til tiltak som ikkje gjeld det direkte arbeidet i Vestmannalaget, skulle overførast frå stjorni til lagsfolki.
- Harald Trefall meinte at framlegget frå Jerdal måtte utsetjast til ymse-sak. Jerdal trekte framlegget.
- Nils Aksel Mjøs sa at ordstyringi minna om tidlegare AKP-kustus, og at det var feil det som stod under Samkomor den 14. oktober: "På Osterøy vart tvo skular nedlagde". Mjøs sa at det skulde stå "fem skular".
- H. Trefall meinte også at det burde stå at tidlegare formann Leidulv Hundvin sa frå seg attval, og kven som hadde takka han for arbeidet som formann for Vestmannalaget i 8 år. Trefall meinte at det også burde stå at Hundvin hadde førebudd og leidde turen til Telavåg den 13. mai 1999.
- Trefall peika på nokre ord han hadde stussa på i årsmeldingi, m.a.: "blest", "jamleg", "hev vorte".
- Frøydis Lehmann peika på at Håkons Hallen skal skrivast i eitt ord: Håkonshallen.
- Harald Linga peika på at medlemstalet mangla i årsmeldingi

Årsmøtet godkjende årsmeldingi med merknadene.

Sak 3 Rekneskap for Vestmannalaget

Kassastyrar Bjarne Storheim las rekneskapen, og formannen opna for merknader:

- H. Trefall peika på at eiga var gjenge ned.
- L. Jerdal peika på at trygdepemien burde vore høgare etter verdiane i Vestmannalaget. Han etterlyste òg tilskot frå Folkeakademiet.
- Eldbjørg Gunnarson sa at heller ikkje andre nærskyldde lag hadde fått tilskot siste året frå Folkeakademiet. Brynhild Horvei, Bolstadøyri, hev andsvaret for Folkeakademiet no.
- L. Hundvin etterlyste fordelingi av husleiga mellom dei lagi som leiger hus saman. Leiv Flesland opplyste at fordelingi er slik:
 - Norsk Bokreidingslag betaler 8/15
 - Nord- og Midthordland sogelag betaler 4/15
 - Vestmannalaget betaler 3/15 etter at Vestlandske Mållag hev trekt sin part.

Årsmøtet godkjende rekneskapen.

- Ludvig Jerdal kom no med eit framlegg um språkbruken i Bygdelagsnemndi. Dei vil no nytta læreboknormalen, noko som bryt med Vestmannasynet. Årsmøtet røysta yver dette ved at dei som var mot framlegget retta opp handi.

Framlegget vart vedteke med 15 mot 3 røyster.

Sak 4 Rekneskapen for Fritz Mondrad Walles fond

Kassastyrar Leiv Flesland las rekneskapen og revisjonsmeldingi. Formannen opna for merkander:

- L. Jerdal spurde etter om det var venta auke i festeavgiftene. L. Flesland viste til brev der auken er skissert.
 - L. Jerdal ville endra fullmakti om løyvingar frå fondet frå stjorni til lagsfolki.
 - L. Flesland opplyste straks at § 4 i vedtektene for F.M. Walles fond klårt segjer at stjorni skal vera styre for fondet. Årsmøtet i Vestmannalaget kan ikkje endra fyresegnene her og no. Det må i så fall vera etter søknad til Fylkesmannen.

Årsmøtet godkjende rekneskapen.

Sak 5 Rekneskapen for Vestmannen

Når rekneskapen ikkje låg føre, vart rekneskapen utsett til neste lagsmøte, som vert eit framhaldande årsmøte.

Sak 6 Henrik Krohn og hustrus legat

Revisor Jon Arthur Marhaug stadfesta at det står kr 38 674 på konto i Kreditkassen for Krohn-legatet.

Sak 7 Orientering frå arbeidet i stjorni. Budsjett og arbeidsprogram for 2000

Formannen orienterte um arbeidet i stjorni og la fram budsjett og arbeidsprogram for året 2000 til orientering.

Sak 8 Vestmannen

Formannen delte ut framlegg frå Jostein Krokvik um brigde i fyresegnene for Vestmannen.

- L. Hundvin gjorde framlegg um å utsetja saki til framhaldande årsmøte.
- S.A. Hjelmtveit gjorde framlegg om å utsetja saki til neste årsmøte, fordi saki kunne taka tid og neste lagsmøte er sett av til ein Islandskveld, som ein treng tidi til det.

Årsmøtet vedtok å utsetja saki til neste årsmøte med 15 mot 3 røyster.

Sak 9 Val

L.B. Marøy held fram som ordstyrar òg for valet.

Val på formann: To kandidatar vart framsette som formannskandidatar. L.B. Marøy var viljug til å halda fram som formann. Karstein Stene hadde levert benkeframlegg på Sissel-Anny Hjelmtveit som formann. Etter eit ordskifte vart det skriftleg røysting, som resulterte i at Lars Bjarne Marøy fekk 9 røyster og Sissel-Anny Hjelmtveit fekk 11 røyster.

S.A. Hjelmtveit vart dermed vald til formann. Resten av stjorni vart attvald.

Desse vart samrøystes attvalde i stjorni utan motkandidatar:

Bjarne Storheim, Lars Bjarne Marøy, Tormod Ringdal og Finn Vabø.

Ved val av 1. varamenn, som møter fast i stjorni, gjorde

- L. Jerdal gjorde framlegg om Harald Trefall. L. Hundvin gjorde framlegg um noverande 1. varamann Rasmus Arnold Kjellevoid

Etter skriftleg røysting vart Harald Trefall vald til 1. varamann med 11 mot 9 røyster.

Val av 2. varamann

- formann L.B. Marøy gjorde framlegg um Kjell Henry Knivsflå som andre varamann. L. Hundvin gjorde framlegg um R.A. Kjellevoid. K.H. Knivsflå sa at han vilde gå med på å stå som tredje varamann.

R.A. Kjellevoid vart samrøystes vald til 2. varamann.

Val av 3. varamann

L.B. Marøy gjorde framlegg um K.H. Knivsflå. S.A. Hjelmtveit gjorde framlegg om Frøydis Lehmann. Hjelmtveit trekte framlegget. **K.H. Knivsflå vart samrøystes vald til 3. varamann.**

Desse er med i stjorni etter valet:

Sissel-Anny Hjelmtveit (formann)

Lars Bjarne Marøy

Bjarne Storheim

Tormod Ringdal

Finn Vabø

--

Harald Trefall (1. varamann)

Rasmus Arnold Kjellevoid (2. varamann)

Kjell Henry Knivsflå (3. varamann)

Andre val:

Ettersynsmenn for Vestmannaalagsrekneskapen

John Marhaug og Stein Eirik Foss.

Ettersynsmann for Fritz Monrad Walles fond

John Marhaug

Ettersynsmann for Vestmannen

John Marhaug

Bladstjorn for Tuftekallen:

Eigil Lehmann, Arnulf Hjelmtveit, Gunnar Gilberg, Lars Bjarne Marøy, Sveinung Ones, Nils Aksel Mjøs og Leidulv Hundvin.

Målsmenn til Bygdelagsnemndi

Lars Bjarne Marøy, Ludvig Jerdal og Finn Vabø
Varamenn Bjørn Tormod Ringdal og Sissel-Anny Hjelmtveit

Det Norrønne Grønlandslaget

Arne Holm, Ludvig Jerdal og Leidulv Hundvin

Kyrkjenemndi

Ellen Vabø med Ingebjørg Gilberg til varamann.

Fanevakt for Vestmannaalagsfana

Jon Askeland

Bergen, 24. mars 2000

Sissel-Anny Hjelmtveit (skrivar)

Godkjend med inntekne brigde etter stjernarmøte 9.mai